



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kåre Træen, 5764 3004

Kartlegging av større meirutgifter knytte til covid-19 for første halvår 2022

Statsforvaltaren viser til sluttrapporten for første halvår 2022 frå arbeidsgruppa som har kartlagt dei økonomiske konsekvensane av covid-19 for kommunesektoren. Etter framlegginga den 2. september, uttalte kommunal- og distriktsministeren at regjeringa ville gå gjennom rapporten og fremje forslag om kompensasjon i nysaldert statsbudsjett 2022.

Frå utbrotet av pandemien i mars 2020 og ut 2021, varierte smitta og såleis dei koronarelaterte utgiftene mykje mellom kommunane. Vi har difor tidlegare bede kommunane om detaljerte rapporteringar om netto meirutgifter knytte til covid-19. Ein slik omfattande prosess for rapportering meiner vi ikkje er nødvendig no.

Vår informasjon er at dei fleste og største smitteutbrota i år oppstod i starten av året, og med variasjon mellom kommunane. Det siste må bety at også meirutgiftene knytte til covid-19 har variert mellom kommunane, og dermed også konsekvensane for økonomien til den enkelte kommune.

Som nemnt ber vi ikkje om ei omfattande rapportering frå kommunane, det er først og fremst ei kartlegging av kommunar som har hatt større netto meirutgifter (ikkje tapte inntekter) knytte til covid-19 i første halvår 2022.

Ut frå det som er omtalt ovanfor, ønskjer Statsforvaltaren å vere godt førebudd om det blir løyvd nye midlar til koronakompensasjon i nysaldert statsbudsjett 2022. Vi ber difor om tilbakemeldingar frå:

- Kommunar som har hatt større netto meirutgifter knytte til covid-19 i første halvår 2022.
 - det er samla, nødvendige koronarelaterte netto meirutgifter som skal meldast inn
 - meirutgifter til vaksining skal ikkje vere med, ettersom dette alt er dekt gjennom eigne løyvingar i innbyggjartilskotet.



Kommunar som melder tilbake om større netto meirutgifter, må gjere dette til vårt postmottak innan 07.12.2022.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:



| | | | |
|-----------------------|------------------------|------|------------------|
| Austrheim kommune | Kommunehuset | 5943 | AUSTRHEIM |
| Bjørnafjorden kommune | Postboks 24 | 5649 | EIKELANDSOSEN |
| Tysnes kommune | Rådhuset | 5685 | UGGDAL |
| Vaksdal kommune | Konsul Jebsensgata 16 | 5722 | DALEKVAM |
| Askvoll kommune | Postboks 174 | 6988 | ASKVOLL |
| Bømlo kommune | Leirdalen 1 | 5430 | BREMNES |
| Askøy kommune | Klampavikvegen 1 | 5300 | KLEPPESTØ |
| Samnanger kommune | Tyssevegen 217 | 5650 | TYSSE |
| Sveio kommune | Postboks 40 | 5559 | SVEIO |
| Høyanger kommune | Postboks 159 | 6991 | HØYANGER |
| Fjaler kommune | Postboks 54 | 6961 | DALE I SUNNFJORD |
| Gulen kommune | Eivindvikvegen 1119 | 5966 | EIVINDVIK |
| Sogndal kommune | Postboks 153 | 6851 | SOGNDAL |
| Kvinnherad kommune | Rosendalsvegen 10 | 5470 | ROSENDAL |
| Stord kommune | Postboks 304 | 5402 | STORD |
| Voss herad | Postboks 145 | 5701 | VOSS |
| Austevoll kommune | Kommunehuset | 5392 | STOREBØ |
| Osterøy kommune | Postboks 1 | 5293 | LONEVÅG |
| Luster kommune | Postboks 77 | 6866 | GAUPNE |
| Lærdal kommune | Øyraplussen 7 | 6887 | LÆRDAL |
| Årdal kommune | Statsråd Evensensveg 4 | 6885 | ÅRDALSTANGEN |
| Kvam herad | Grovagjelet 16 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Ulvik herad | Skeiesvegen 3 | 5730 | ULVIK |
| Eidfjord kommune | Simadalsvegen 1 | 5783 | EIDFJORD |
| Fedje kommune | Adm.bygg | 5947 | FEDJE |
| Fitjar kommune | Postboks 83 | 5418 | FITJAR |
| Masfjorden kommune | Austfjordvegen 2724 | 5981 | MASFJORDNES |
| Modalen kommune | Postboks 44 | 5729 | MODALEN |
| Ullensvang kommune | Opheimsgt. 31 | 5750 | ODDA |
| Sunnfjord kommune | Postboks 338 | 6802 | FØRDE |
| Stad kommune | Rådhusvegen 11 | 6770 | NORDFJORDEID |
| Kinn kommune | postboks 294 | 6701 | MÅLØY |
| Bremanger kommune | Postboks 104 | 6721 | SVELGEN |
| Bergen kommune | Postboks 7700 | 5020 | BERGEN |
| Gloppen kommune | Grandavegen 9 | 6823 | SANDANE |
| Hyllestad kommune | Kommunehuset | 6957 | HYLLESTAD |
| Stryn kommune | Tonningsgata 4 | 6783 | STRYN |
| Aurland kommune | Vangen 1 | 5745 | AURLAND |
| Etne kommune | Sjoarvegen 2 | 5590 | ETNE |
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |



Øygarden kommune
Solund kommune
Vik kommune

Ternholmvegen 2
Postboks 73
Postboks 134

5337 RONG
6921 HARDBAKKE
6891 VIK I SOGN